



03.05.2012

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet  
postboks 8036 Dep,

0030 OSLO

Arkivsak: 11/1922  
Løpenr.: 12/5126  
Sakshandsamar:  
Liv Helen Nystuen

## **Gjeld høyring NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning.**

Viser til høyringsbrev datert 03.02.2012.

Ungdommen sitt kommunestyre i Luster (UK) har handsama saka om uttale til høyring på NOU 2011:20 - kap. 6 som handlar om valkanalen – dei unge si valdeltaking – stemmerettsalder, i møte den 24. april sak 18/12.

Bakgrunn for saka var at Luster kommune var plukka ut som ein av 20 norske kommunar, der ungdomane i aldersgruppa 16 til 18 år som ei prøveordning fekk røysterett ved siste års kommuneval. Meir enn 82 prosent av ungdomane i denne aldersgruppa gjekk til valurnene denne valdagen. Dette sende Luster kommune heilt til topps på landsstatistikken for kommunane som deltok i prøveordninga.

UK i Luster har hatt ein grundig gjennomgang og diskusjon om spørsmålet om røysterett for ungdom.

For Luster sitt vedkomande var deltakinga heile 82,2% for aldersgruppa 16 og 17 år. Ei rimeleg forklaring på dette er den gode oppfylgjinga med informasjon kommunevalet fekk.


UK i Luster meiner at røysterettsalderen med fordel kan senkast til 16 år for lokale val (som t.d. kommuneval). Dette er viktig for dei ungdomane som allereie er politisk interesserte, men også for å rekruttere til større og breiare interesse for lokale saker mellom ungdom.

UK i Luster meiner også dette kan vera eit viktig forhold for dei politiske partia i kommunane m.a. ved å tenkje ungdomspolitiske mål og tiltak.

Dei 16 og 17 åringane som vel å engasjera seg får dermed den same retten som andre.

Med helsing

Espen Sleppen Josvanger (s)  
Leiar for UK skuleåret 2011/2012  
Tlf. 908 71 171

  
Liv Helen Nystuen  
Sekretær for UK  
tlf.: 57 68 55 42